



Eit panoramabilete over to sider med fire småbilete innlagt fortel mykje om kva rolle Uskedal Båtlaget har i lokalsamfunnet.

Der båtlag møter bygd er tittelen på ein fire sider artikkel i båtmagasinet Båtens Verden. Båtmagasinet har avtale med Kongelige Norske Båtforening (KNBF) og når ut til mange tusen lesarar, anten i abonnement eller i laussal i kioskar eller butikkar. SPAR Uskedalen sel Båtens Verden. Tre utgåver i året går ut til alle medlemene i KNBF, eit tal på 37000 medlemmer. Artikkelen om båthamna i Uskedalen har såleis stor profilerings- og marknadsføringsverdi for bygda og for heile kommunen.

Ansvarleg redaktør, Vetle Børresen, var saman med NBF's styremedlem i region vest, Terje Stensletten, i Uskedalen på reportasjeoppdrag hausten 2018. Terje Stensletten har slekt i Uskedalen. Familien har sommarplass i bygda.

Artikkelen legg vekt den sentrale posisjonen Båtlaget og båthamna har i ei bygd som Uskedalen, sentralt plassert i Kvinnherad i innløpet til Hardangerfjorden. Hans Gustav Musstrand, Jan Henrik Hansen og Kristian Bringedal (Uskedal utvikling) står fram med tekst og bilete. Det gode samarbeidet med nærbutikken SPAR, Festidalen og andre kulturarrangørar er vektlagt. Båtlaget stiller til dømes arealet fritt til disposisjon på den årlege Aktivitetsdagen og til andre aktiviserande tiltak.



Styremedlem Jan Henrik Hansen, styremedlem i KNBF region Vest, Terje Stensletten, og formann Hans Gustav Musstrand profilerer båthamna i Uskedalen og helsar alle velkomne til bygda.

Den nye Strandstovo, bygd på dugnad, er ope for alle som vil laga til noko sosialt og kulturelt. Strandstovo er alt brukt til båtlag og gjester som kjem sjøvegen.

Uskedal båtlag har vore medlem i Kongelige Norske Båtforening sidan 2013. Båtlaget vart skipa i 1970 og har i dag 113 båtplassar. Styremedlem Jan Henrik Hansen var med på skipingsmøte. Statistikken syner at båthamna i Uskedalen har rundt 500 gjestedøger i året. Gjestene betaler hamneavgifta gjennom Vipps eller i postkasse.

SPAR Uskedalen har som sagt dette magasinet til sals i sine bladhyller.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile frå Båtens Verden